

Dato	Elevkode	Kjønn:	Det første språket du lærte:	
14.11.13	S628	jente gut	norsk anna	

Livet mitt av MI

Heil! Eg heiter MI og er tolv år. Eg vart fødd på N1 Sjukehus. Dei første åra mine levde eg med mamma, pappa og bror min. Me budde i eit gult hus i S1. Da eg var 2 og $\frac{1}{2}$ år fekk eg ei litesyster. Ho heiter F1. Ho vart fødd på N2 Sjukehus. Me bur no i eit kvitt hus i S2. Eg trives godt i S2 dlene.

Eg begynte i N3 Barnehage. Eg fekk mange venner. M2, M3 og M4 var bestevennene mine i barnehagen. Me lekte med bilar og var i sandkassen. Eg blei kallt ein liten tøysekopp. Barndomstida mi var veldig kjekk.

Eg spelar mykje fotball. Kvar månad har eg og M5 konkurranse i Fifa. Favoritt spele mitt er Assassin's Creed 4. Eg likar og å sykle med søskenbarnet mitt. Eg liker å høyre på musikk og vere med venner. I sommaren pleier eg å klarte og hjelpe morfar å male hus. I vinteren likar eg å aka. Eg pleier å ake med F1 og F2, M6 og eg pleier ofte å spele Fifa. Eg elsker å leke med hunden min Milla. Ho er ein liten Chihuahua. Milla er liten utpå men stor inni.

Eg begynte på N4 Skule. Eg begynte med bestevennene mine. Eg trives godt på skulen. Favoritt faga mine er engelsk og gym. Eg har dei beste lærarane. Eg går 7. klasse. Eg har mange venner. Bestevennene mine er: M7, M8, M3, M9, M10, M11 osv. I friminutta pleier eg å spele fotball og vere med venner.

Då eg var 10 år var me på ferie i Spania. Eg tok noko som het Flyfish. Sist sommar var eg i Tyrkia. Eg åt is kvar dag og koste meg i varmen. Eg sov i telt med M8 På morgonen vekte M12 oss. Me var trøtte. M13 og eg åt kjeks og is den sommaren. Eg og M13 kjørte båt og var på hytta til F2. Me sov oppå loftet. Eg, F1, F2, M6 og M13 spelte kort og var oppe heile natta.

Framtidsdrømmen min er å bli arkeolog, geolog eller lege. Eg elsker å finne døde dyr og å finne steiner. Eg ville ha flytta til Malta i 1 år. Men eg vil helst bu i Noreg. Ein geolog er ein som forskar på sjeldne steinar. Ein arkeolog er ein som forskar på døde dyr og skatter. Eg vil bli mest geolog, fordi eg elsker å finne

steinar og ting som: Gull, safir, diamant, krystall, metall, sølv og fossiler. Eg har funne ein type krystall som skifter farge i vatn.